

FAU-møte 07.11.23.

Tilstades: Helene Sissener-Eide 1E, Karina Aase 1K, Stian Tveranger Nilsen 3K, Hanne-Lisbeth Eide 4K, Lars Leegaard Marøy 5trinn, Renate Morild 5 trinn, Stian Totland 4E, Nick Toyndee 6. trinn, Pål Øyvind Bakken 7. trinn, Anders Nyland 2K, Vivian 3E.

Frå skuleledelsen: Annette Gerda Rønhovde (rektor), Anne Gry Midsund (SFO-leder), Kenneth Balsnes (avdelingsleder 3.-4. trinn), Anders Bøhn (avdelingsleder 5.-7. trinn).

Første del med ledelsen:

Foreldreundersøkelse:

- korleis få til betre deltaking? I fjor var svarprosenten på kun 26 %.
- Skulen sender ut info i forkant i Vigilo, purrer ved behov.
Er det mogleg å sette ut PC som foreldre kan bruke ved levering og henting av barna? FAU trur ikkje det er her problemet ligg.
- Andre kanaler for å sende ut info? F.eks. utdanningsdirektoratet?
Alle må dele informasjon i Facebook-grupper om at det er viktig å delta i undersøkinga, skulen treng tilbakemeldingane og må ha høgare svarprosent for at resultatane skal ha nokon verdi.
- Innspel frå FAU om at det kan vere lurt å sende ut info på kveldstid istadenfor på dagtid. Det er ofte ikkje tid til å svare på dagtid og når kvelden kjem er det gløymt. Påminning burde og vore sendt til begge foreldre, der det er mulig.

Litt om elevundersøkinga.

- Blir gjennomført ved 5.-7. trinn i veke 48.
Informasjon til elevane i forkant, der ein går igjennom spørsmåla for å sikre seg at elevane forstår dei. Det blir og vist ein film om undersøkinga, denne ligg på U-dir sine nettsider «demonstrasjon av spørsmålene i undersøkelsen». Resultat frå undersøkinga skal bli brukt systematisk i det vidare arbeidet på skulen.
- Tilbakemelding fra SFO angående måltidet og kulturelle tilbod.
- Kva mat som blir servert på SFO har vore oppe som tema på basemøter, på oppfordring frå foreldregruppa. Resultat:
Kutter ut syltetøy, yoghurt og cornflakes (sistnevnte blir fasa ut gradvis, då

nokre born er veldig glad i dette)

- Konsert med Krohnengen skolekorps har blitt veldig godt mottatt. Korpset har eit tilbod i SFO-tida og har starta på Krohnengen. Barna syns det var kjekt å prøve seg. Vil komme til eventyrskogen seinare i skuleåret.
- Purra på kulturskulen vedrørende mulig kulturkarusell, utan hell. Dersom nokon av dei andre skulane som har fått tildelt tilbudet ikkje tek imot, vil Krohnengen gjerne benytte seg av tilbodet.
- Prøver å tilrettelegge for kulturtilbud på langdagane på SFO.

Skuleruta:

- Rektor legg fram forslag for skuleruta 2024/2025

Lysfesten:

- Hensikta med lysfesten frå skulen si side er å skape eit samlande arrangement som skaper felleskap for alle elevane ved skulen- samlar elevane frå både Eventyrskogen og Krohnengen.
- Tilbakemelding frå elevane: veldig positive til lysfest istadenfor julegudsteneste/alternativt opplegg. Lærarane er og positive.
- FAU er og positive, men samtidig bekymra for at «julens budskap» og juletradisjonen forsvinn. Rektor seier i denne samanhengen at skulen tar tilbake til lærarane at dei besøker ulike bygningar brukt til religionsutøvelse tilknytta ulike religionar, og at dette kan gjennomførast i forbindelse med tema knytt til ulike religionar i KRLE.
FAU forbereder leiinga på at det nok vil komme ein del reaksjonar frå foreldregruppa dersom dei vel å droppe julegudsteneste.

Status ballbingen og Eventyrskogen

- Skulen har sendt ynskje om endringar på ballbingen ved Krohnengen på vegne av FAU, Elevråd og skule. Det er for lave veggjar rundt bingen, ballen triller stadig ned i den trafikkerte vegen nedanfor skulen, noko som skaper mange farlege situasjonar, både i skuletida og ellers. Der er i tillegg skarpe kantar på toppen av veggane i bingen som borna kan skade seg på dersom dei skulle finne på å klatre her. Det har kome inn klager frå naboar på støy ved bruk av ballbingen, akustikken har endra seg med nye materialer, noko som har fått konsekvensar for støynivået. Det ser derfor ut til at det ikkje blir noko snarleg løysing før dette med klaga er vurdert. FAU vil likevel jobbe vidare med dette som ei sak vi må få ei løysing på.

Status Eventyrskogen

- Kjøp av Eventyrskogen skal opp som sak i Utvalg for finans/kultur og næring 08.11.23.
- Er sak i bystyret 22.11.23.
- Uteområdet: må oppgraderast ifht at jord/sand er vaska vekk i skogbunnen, noko som gir glatte røtter som underlag for leik.

Fast punkt: Læringsmiljø, er det ting som rører seg på nokon av trinna som vi foreldre bør vite om?

- Team skyfritt er jevnleg inne og veileder dei vaksne, er no inne på SFO
- Trivselsleikane er i gang
- Tips til informasjon til både skule og heim, som blir brukt på skulen ifht læringsmiljø/sosiale mål: livetogsann.no

Rutiner når iverksette tiltak etter bekymringsmelding frå foreldre ikkje fører fram/ikkje løyser problemet i klassen, korleis går vi fram i slike saker?

- Aktivitetsplikten: følgje med, gripe inn, varsle, undersøke, sette i gang tiltak.
- Skulen skal sette i gang ein aktivitetsplan ifht problemet som er meldt inn. Skal evaluerast etter ca 4 veker. Justeres og evalueres på nytt igjen, så lenge behovet er der.
- Ekstern hjelp dersom tiltaka ikkje fører fram; PPT, Team skyfritt, BKL (Bergen Kompetansesenter for Læring)
- Foreldre som føler at dei ikkje blir høyrtd/at tiltaka ikkje fører fram, kan sende klage til Statsforvaltaren. Det ligg prosedyrer for dette på skulen sine nettsider.
- Skulen ber om at foreldre tek kontakt dersom dei er usikre/lurer på noko ifht utfordringar i læringsmiljø/klasse miljøet

Nasjonale prøver

- Er akkurat gjennomført. Tala har kome inn, men analyser er ikkje gjort endå
- Kartleggingsprøver på 3. trinn er og gjennomført, skal identifisere elevane som treng ekstra hjelp for å kunne sette inn tilrettelegging for desse.

Nytt program har blitt tatt i bruk ved skulen: Lingdys skole og Lingdys + (spesielt for barn med dysleksi)

Erfaringar etter oppstart mobilhotell

- Skulen ser ei positiv endring i korleis barna sosialiserer seg ute i friminutta

Resten av møtet utan ledelsen:

Evaluering av trafikkaksjonen

- Vel gjennomført aksjon, populære refleksar

Årets julemarked 4. desember

- Planlegging er starta
- Facebook-event blir oppretta, vi må dele i klasse-gruppene
- Spørsmål om FAU kan investere i partytelt/liknande ifht grilling som foregår ute
- Må få ut informasjon til trinnkontaktane ifht juleverkstad og oppgaver på sjølve julemarkedet
- Behov for gevinstar til loddsalget, veldig bra dersom nokon har muligheit til å skaffe gevinstar gjennom for eksempel lokale bedrifter eller bekjente

Innkjøp av nytt lydanlegg

- Vedtatt innkjøp av nytt lydanlegg

Neste FAU-møte vil vi prøve å ha på Eventyrskogen. Det blir ikkje møte i desember, neste møtedato er 16. januar.

Sak til neste gang: Lagre pynt og andre effekter etter Halloween-festane som vart arrangert på nokre av trinna, slik at det kan bli gjenbrukt til neste år.